

Referat Campusmøte, campus Stord

Dato: 2024.23.09

Tid: kl. 11:00-12:30

Stad: BIB107 og Teams

Til stades: Sigurd Sandvold (møteleiar), Malin Dalland, Inger Christin Hystad Barane, Oded Ben-Horin, Kristina Johannesen Tolås, Arnesen , Øyvind Midtbø Berge.

Gjester: Jeppe Jeppesen, Stine Stangeland Bach

Forfall: Espen Helvig, Trond Egil Arnesen, Monica W. Nortvedt

Referent: Kajsa Nordström

Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg
8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar
9/24	Møtt-tal 2024	Møteleiar
10/24	Omdømme og studentrekruttering	Jeppe Aagaard Jeppesen & Stine Stangeland Bach
11/24	Prosjekt studieportefølje, rekruttering og samarbeid, campus Stord	Møteleiar
12/24	Historisk samling – vegen vidare mot realisering i praksis	Oded Ben-Horin
13/24	Ymse og neste møte	Møteleiar

8/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sigurd Sandvold leia møtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste blei godkjent.

Sak om sirkulærdagane blei meldt inn til ymse av Kajsa Nordström.

9/24 Møtt-tal

Campus Stord har opplevd utfordringar med rekruttering til fleire av utdanningane på campus dei seinaste åra. Gledeleg for opptaket 2024 er at HVL fekk innvilga søknad på fritak av karakterkrav for Grunnskulelærerutdanninga og Bachelor i sjukepleie, noko som har gitt stor effekt for campus Stord.

- Grunnskulelærerutdanninga (GLU) har i 2024 nær ei dobling av avtal studentar (ca 40 studentar på begge profilane)
- Barnehagelærerutdanninga (BLU) har dessverre ikkje fått ein oppgang i søkjartal, (16 studentar)
- Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) har rekruttert godt på både Y-veg og A-veg og utdanninga har så godt som fullt opp studieplassar.
- Masterutdanningane har også gode opptakstal.
- Bachelor i sjukepleie opplevde auka søkjartal til den nyoppretta deltidsutdanninga, og dessutan til heiltidsutdanninga etter at karakterkrava bli lempa på og talet på studentar er mykje større enn i 2023.
- HVL må søkja om fritak for karakterkrav igjen neste år.
- Viktig at studentane får god oppfølging og kjem igjennom studiet.

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

10/24 Omdømmebygging og studentrekruttering

Jeppe Aagaard Jeppesen og Stine Stangeland Bach frå Avdeling for Kommunikasjon viste ein presentasjon for campusmøte.

Studentrekruttering

- Har laga promomateriale med studentar som presenterer kva yrke HVL utdannar til. Unge i dag er opptekne av ein trygg jobb og HVL har ein marknadsfordel med at vi har ein arbeidslivsretta profil.
- Vi profilerer også campusane våre med personifiserte videoar med studentambassadørar.
- Det blir også marknadsført fem grunnar å studera på Stord, basert på spørjeundersøking blant tilsette og studentar.
- Foreldregruppa er også ei viktig målgruppe.
- Andre marknadsføringskampanjar er "karusellar" og studenthistorier og studentambassadørar på kvar campus.
- I haust har det vorte rekruttert fire nye studentambassadørar på campus Stord. Det vart kunngjort stillingar som innhaldsprodusentar på alle campusar, men fekk ingen på Stord eller på Haugesund. Det blir løyst gjennom at nokon frå dei andre campusane kjem til Stord og Haugesund og samarbeider med studentambassadørane lokalt for å laga innhald til SoMe.
- Suksess med å bruka studentar i SoMe kanaler.
- TikTok er den mest veksande kanalen, stor målgruppe som er under 16 år.
- Snapchat er ein større kanal for 20+ åringane.

- YouTube (YouTube short)
- Twitch (som har 80 prosent menn som brukare). HVL må vurderer å vera i spelverda for å nå unge.
- Instagram og Tik Tok fungerer meir og meir som ein søkjemotor
- Har løfta fram campusane på instagram.

Omdømmebygging

- Jobbar med profilering og merkevarebygging langsiktig og i overgangen mot å bli universitet
- Vi ønskjer at stoltheita for arbeidsplassen skal koplast til merkevara, tilsette som kjenner stoltheit for arbeidsplassen gir ein større innsats.
- Kulturen internt bidreg sterkt til merkevarebygginga eksternt.

Identifisering av WHY/WHAT og HOW for HVL:

- WHY – er viktig for samfunnet
- WHAT - utdanningane og fasilitetane våre.
- HOW: undervisningstilbod i samarbeid med arbeidslivet, gir verktøy til å byggja framtidens samfunn.
- HVL skal ikkje prøva å bli en kopi av dei tradisjonelle universiteta. HVL skal skapa eit samfunns og arbeidslivsretta universitet. HVL må visa det med forteljingar om aktivitetane våre som støttar opp kring den profilen vi ønskjer at ha, eks. aktiv læring, praksisplassar.
- I den nye profilen skal ikkje "campus" brukast, berre UniVest Stord, UniVest FLKI etc.
- Viktig at eit campus aldri blir åleine profilert, men alltid saman med HVL.

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

11/24 Prosjekt studieportefølje, rekruttering og samarbeid

FLKI har sett i gang ei prosess for justering av studieporteføljen, basert på krevjande økonomisk situasjon og sikre at studietilbodet er relevant, særleg for dei som vi jobbar saman med.

FLKI Arbeidar med nå med å innhenta og dela informasjon. Arbeidslivet er mykje meir framoverlent enn før, særleg kommunedirektørane er kopla på i større grad. FLKI kjem å jobba med dette det næraste halvåret.

FTMS: Stord har ein verdsleiande industri som er interessant for HVL, særleg som FOU partner. For å få til eit godt samarbeide må HVL møta næringslivet som ein institusjon, ikkje som enkelt fakultet.

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

12/24 Historisk samling – vegen vidare mot realisering i praksis

Planen er å utvikle en historisk samling i hovudsak knytta til lærarutdanninga, men også til sjukepleieutdanninga. Oded og Sigurd har løftet dette i fakultetet og har fått tommel opp for å gå vidare prosess.

Vedtak:

Grunnet kort tid igjen av møte blir dette tatt opp igjen ved neste campusmøte.

13/24 Ymse og neste møte

Kajsa Nordström informerte at Sirkulærdagane i 2025 er planlagt til veke 8 i samarbeid med BLU. Kajsa oppmodar FHS og FLKI og melde tilbake viss det passar for andre utdanningar å vera med på arrangement, eks. Bachelor i sjukepleie, GLU etc.

Neste møte blir i starten av 2025, det vart spelt inn eit ønske om å ha to timars møte for å kunna diskutera saker meir grundig.

Vedtak:

Sekretariatet kallar inn til nytt møte i 2025.

Sekretariatet skal undersøkje viss det skal vera nye val av medlemmer i forkant av møte.